



VESTNES KOMMUNE

Tekniske tenester

Valdleiarane

| Dato | Dykkar ref. | Vår ref. | Saksnr. | Saksbehandlar / Tlf |
|------------|-------------|------------|-----------|---------------------------------|
| 16.08.2017 | | 12132/2017 | 2008/2482 | Alexander Connor 71 18 40 80 |

Jaktinformasjon til valda 2017

Årets jaktsesong nærma seg og kommunen ønskjer med dette å informere litt om kommande jaktsesong.

Fellingsavgift

Fellingsavgifta for 2016 blir satt til kr 360 for vaksne dyr og kr 210 for kalv.

Den fastsette fellingsavgifta er lågare enn kva kommunen har høve til å nytte som fellingsavgift for hjort, jf retningsliner frå Miljødirektoratet. Adm.sjefen reknar den reduserte fellingsavgifta som ei støtte til dei valda med bestandsplan. Ein vil framleis refundere kr 50 pr dyr som er kontrollert, (kontroll, vekt, alder etc.) i henhold til udelt skjema (pr mail 16.08.2017).

Adm.sjefen ber om at denne oversikta blir betre følgt opp av jaktfeltleiarane. Det blei i både 2015 og 2016 oppdaga ein del feil i høve til kva som var innmeldt av felte dyr og kva som var innrapportert på skjemaet.

Kontroll

Det vert i år som tidligare, gjennomført kontroll av felte dyr av både viltansvarleg i kommunen og andre ugilda personar, t.d. oppsynspersonell eller andre personar med begrensa politimynde. Ein vil også prøve å få til eit samarbeid med politiet vedkomande dette. Kommunen vil difor ha tilbakemelding frå valda på kven som er kontrollørar, slik at ein kan kontakte desse ved kontroll av dyr. **Dette skal gjerast på mail til alexander.connor@vestnes.kommune.no innan jakta tek til.**

Etter ønskje frå fleire vald vil politiet no i 2017, i samarbeid med kommunen, legge til rette for eit nærmare samarbeid i høve kontroll under jakta.

Det viktigaste formålet med kontrollen er at den skal betre jaktutøvinga og at all jakt skal føregå på ein human og sikker måte. Vi gjer merksam på at einkvar som utøvar jakt, plikter å la seg kontrollere, jfr § 37 i *forskrift om utøving av jakt, felling og fangst*. Kontrollen kan gjelde jegeravgiftskort, attestert skyteprøve, våpen og ammunisjon samt om dyr er felt i samsvar med fellingsløyvet. Ein håpar at einkvar som blir kontrollert har forståing for dette.

I henhold til § 23 i *forskrift om utøving av jakt, felling og fangst* skal jaktlag og personar som jaktar aleine ha tilgang på prøva ettersøkshund. Kommunen kan i løpet av jakta foreta

| | | | |
|---|--------------------------------|---------------------------------|-------------------------------|
| Postadresse: Rådhuset 6390 Vestnes www.vestnes.kommune.no | Telefon: 71 18 40 00 | Telefaks: 71 18 40 01 | Org.nr. 939 901 965 |
| E-post: postmottak@vestnes.kommune.no | | | |

rutinemessig kontroll om det er inngått slike ettersøksavtaler. Ein minner om at jegerane skal ved kontroll dokumentere tilgang på godkjent ettersøkshund. Malar for ettersøksavtaler finst på t.d. www.miljodirektoratet.no. Vi anbefalar, dersom det er mogleg, at Storvalda inngår ettersøksavtaler som gjeld for alle som jaktar i valdet. **Avtale om tilgang til godkjent ettersøkshund skal sendast kommunen innan jakta tek til.**

Rapportering

Ein ber valdansvarleg representant om å rapportere fellingsresultatet til kommunen på fastsett måte seinast 14 dagar etter endt jakt. Det er viktig at jegerane held denne fristen då både valdansvarleg og kommunen har rapporteringsplikt til andre offentlege instansar.

Settogssett

Det er viktig at ein fyller ut denne korrekt. Det vil gjere at ein får betre og meir detaljerte data. I høve utfyllinga skal ikkje jegerane regne ut talet på *timar*. Dette ordnar systemet sjølv. I døme under so har 1 stk jeger jakta i 3 timer. Dersom det hadde vore 2 stk jegerar som hadde jakta i 3 timer, skal det framleis talet 3 stå i kolonna for *timer* og *ikkje talet 6* ($2 \text{ jegerar} \times \text{jakta } 3 \text{ timer} = 6 \text{ timer}$).

For å lette korleis ein skal føre desse talla, er det vedlagt eit regneark som er utarbeida av Ninas naturdata. Dette vart og sendt ut i 2016. Skjemaet gjer det mogleg å føre observasjonar på dagsnivå, som er den rette registreringsmetoden. Vonar at vi får **settogssett** til å fungere ☺

| Dato | mark | Om jaktdagen | | | Sette dyr i antall | | | | | | |
|------------|------|--------------|------|---------------|--------------------|------|------|-------|-------------|------------|----------|
| | | Inn | Jakt | Antall jegere | Spiss | bukk | Bukk | Kolle | Alle kalver | Ikke kjent | Sum sett |
| 01.09.2016 | Ja | 0 | 1 | 2 | 1 | 3 | 0 | 0 | 0 | 0 | 4 |
| 02.09.2016 | Ja | 0 | 1 | 1 | 0 | 0 | 3 | 3 | 14 | 20 | |
| 03.09.2016 | Ja | 0 | 1 | 1 | 0 | 0 | 0 | 0 | 1 | 1 | |
| 05.09.2016 | Ja | 0 | 1 | 1 | 1 | 0 | 5 | 3 | 5 | 14 | |
| 09.09.2016 | Ja | 0 | 2 | 2 | 0 | 0 | 0 | 1 | 2 | 3 | |
| 13.09.2016 | Ja | 0 | 1 | 3 | 0 | 0 | 5 | 1 | 2 | 8 | |
| 14.09.2016 | Ja | 0 | 1 | 2 | 0 | 0 | 3 | 2 | 2 | 7 | |

Fellingsrapport

Ein syner til § 32 rapporteringsplikt i hjorteviltforskrifta. Valdansvarleg har ansvaret for at fellingsrapport er riktig utfylt og sendast kommunen innan 14 dagar etter avslutta jakt. Vi gjer merksam på at skjema for 0-uttak også skal sendast inn.

Fellingsløyver.

For vald med godkjente bestandsplaner mottar valdansvarleg eit samla fellingsløyve for heile planperioden.

Jakttid

Jakttida for hjort er 01.09.- 23.12.

Jakttid for rådyr er 25.09.-23.12. (Bukkejakt frå 10.08.)

Vi gjer merksam på at dei valda som ynskjer det, kan innskrenke jakttida for deira vald innafor fastsett jakttid. For jakttider elles, sjå jakttidsbestemmingane frå Miljødirektoratet gjeldande frå 01.04.2017 - 31.03. 2022.

Ein vonar at dei dyktige valdeiarane og jegerane også i år utøvar ei forsvarleg og human jakt.

Med helsing

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Alexander Connor
jordbruksansvarleg